

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF

DATO: 03.12.2020

FRÅ Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer Bakke Frantzen, økonomidirektør Ola Rye,
HR- og org. direktør Berit Beate Berntsen

SAKA GJELD: Årleg melding 2020 for Sjukehusapoteka Vest HF

ARKIVSAK: 2020/204
STYRESAK: 36/20

STYREMØTE: 10.12.2020

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret vedtek Årleg melding 2020 som Sjukehusapoteka Vest HF sin rapport til Helse Vest på oppdragsdokument 2020.

Innleiing

I medhald av § 34 i helseføretakslova skal Helse Vest RHF rapportere til Helse- og omsorgsdepartementet via årleg melding. I Styringsdokumentet 2020 for SAV, skal føretaket sende tilsvarende årleg melding til Helse Vest RHF innan 15.1.2021. Denne meldinga er såleis eit grunnlag for Helse Vest RHF si rapportering til departementet, og ledd i eit samanhengande plan- og styringssystem mellom Helse Vest RHF og helseføretaka.

Oppsummering

Årleg melding 2020 er Sjukehusapoteka Vest (SAV) sin rapport på oppfølging av dei mål og eigarkrav som framgår av «Styringsdokumentet 2020». Oppsummert er biletet at vi leverer bra på dei vedtekne hovudområde og helsefaglege styringskrav som er fastsatt for 2020. *Sjå vedlagte rapport utarbeidd etter mal frå Helse Vest.*

Kommentarar

Årleg melding 2020 er ei tilbakemelding på, og vurdering av aktivitetar og tiltak i SAV. Meldinga synleggjer at SAV har vist god utvikling og auka aktivitet innanfor fleire sentrale områder.

Som følge av Covid19 situasjon oppfyller føretaket i 2020 ikkje det økonomiske resultatkravet sett av eigar.

- Resultatkrav var på NOK 7 mill. Prognose 2020: ca. NOK 2 mill.
- Samla økonomisk tap som følge av Covid19 er estimert til ca. NOK 9 mill. for 2020
- SAV har tilfredsstillande likviditetssituasjon
- Investeringsbudsjettet ligg innanfor eigenfinansiering

SAV har arbeidd med fleire utviklingsprosjekt dette året. I stor grad dreiar dette seg om å digitalisera, fornya og forbetra arbeidsprosessar, der både regionale behov og nasjonale prosjekt krev innsats.

SAV er opptekne av å vidareføre kvalitets- og utviklingsarbeidet for å følge opp sentrale krav, men og eigne styringsmål knytt til forbetring av kvalitet på tenestene og pasient- og brukartryggleik. Styringsdokumentet og Årleg melding må sjåast i samanheng med dette og den vedtekne strategien til SAV: «Strategi for Sjukehusapoteka Vest 2018 – 2023.» Måla og tiltaka til SAV er av langsiktig karakter, men innhaldet femner om å skape trygge og gode tenester i tett dialog med sjukehusføretaka.

Konklusjon

Adm. direktør rår styret til å vedta «Årleg melding 2020» slik den ligg føre som SAV rapport til eigar.

Vedlegg:

1. Årleg melding 2020 Sjukehusapoteka Vest HF